

Hordaland tingrett får spørsmål frå advokatar om tilgang til Aktørportalen, dokumentsamlingar, m.m., som det finst informasjon om i [*Domstolenes felles retningslinjer for advokater med saker i Aktørportalen*](#) og [*Brukerhåndbok Domstolenes aktørportal*](#). Vi ønskjer difor å minna advokatane om følgjande:

- Advokatar som ønskjer å melda seg som (ny) prosessfullmektig bruker funksjonen i Aktørportalen for å gje tilsvar og lastar opp prosesskriv kor ein melder seg som prosessfullmektig, sjå brukarhandboka for Aktørportalen s. 8 og s. 16.
- Avslutta saker er ikkje tilgjengelege i Aktørportalen i meir enn tre månader etter at saka er rettskraftig avgjort. Dokument som advokatane har bruk for til eige arkiv og liknande må lastast ned før saka vert gjort utilgjengeleg.
- Det er ikkje nødvendig, eller ønskjeleg, med fysisk signatur på dokument, sjå retningslinjene pkt. 3 og 4.
- Ein går ut ifrå at advokatane held seg oppdatert i Aktørportalen, sjå retningslinjene pkt. 11. Det vert ikkje nødvendigvis sendt ut varsel om at det er kome inn prosesskriv frå motpart.